



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Statkraft AS. Midlertidig endring av manøvreringsreglementet for Trollheim kraftverk.

Viser til vår tidlegare høyringsfråsegn 14.06.2021.

Statsforvaltaren er i ettertid gjort merksam på at grunneigarar og andre brukarar (t.d. Trondhjems turistforening) ikkje vil kunne bruke Gråsjøen til båttransport når magasinet blir nedtappa i samband med oppstraums plastring av dammen. Fleire av desse har legitime og nødvendige transportbehov av m.a. personar, materiell og ev. beitedyr som ikkje kan erstattast med transport til fots. Gråsjøen er omslutta av Trollheimen landskapsvernområde, der det er forbod mot motorferdsel. Barmarks-køyring med ATV eller anna innanfor landskapsvernområdet langs dei delane av Gråsjøen som er lite farbare i reguleringssona, vil klart vere i strid med verneformålet, og Statsforvaltaren kan difor ikkje sjå at dette bør vere ei aktuell løysing.

Etter vår vurdering ligg ansvaret for å sikre at aktuelle brukarar får dekt sine transportbehov utan at det gir skader på naturverdiane i landskapsvernområdet på Statkraft.

Statsforvaltaren vil difor rå til at NVE stiller som vilkår for ein dispensasjon frå manøvreringsreglementet for Trollheim kraftverk at Statkraft må legge til rette for alternativ transport i den perioden Gråsjøen er tappa ned under normalt sommarnivå. Aktuelle løysingar kan t.d. vere ulike kombinasjonar av helikoptertransport, inntransport og tilrettelegging for bruk av ATV i reguleringsmagasinet, og båt så lenge det er vatn til det. Kva brukarar og kva transportformål vilkåret skal gjelde for bør avgrensast i samråd med Statkraft, kommunen og aktuelle brukarar.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Verneområdestyret for Trollheimen Postboks 2600 7734 STEINKJER